



# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)  
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
21/309-2 21/5326  
Jarle Lunde

Arkivkode:  
K2-K40

Dato:  
25.03.2021

## **UTTALE TIL DETALJPLAN FOR MILJØ OG LANDSKAP - STØLEN KRAFTVERK**

Me viser til brev datert 04.03.2021 vedkomande saka. NVE ber særskild om tilbakemelding på omsynet til villrein i prosjektet.

Løyve til bygging av Stølen kraftverk ble gitt i 2012. Detaljplanen for miljø og landskap beskriv korleis bygginga av det konsesjonsgitte anlegget er planlagt gjennomført.

Etter soneinndelinga i Heiplanen ligg det meste av tiltaksområdet i bygdeutviklingssona, mens arbeidsområde lengst opp i terrenget ligg i omsynsone villrein. Lengre aust for tiltaksområde ligg nasjonalt villreinområde.

Jamfør "Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (Mossing og Heggenes 2010) har dei nordlege delar av Kvinesdal kommune «historisk vært vinterbeite for alle typer dyr og barmarksbeite for bukk. Det er fortsatt tilfelle, selv om bruken har vært lav de seneste år.» Data frå gps-prosjektet viser at ingen av dei merka reinsdyra var i tiltaksområdet i prosjektperioden (etter 2006).

Med bakgrunn i dette kan ein derfor forvente at prosjektet ikkje vil komme i konflikt med villrein.

Samstundes veit me at det år om anna ikkje er «normalt». Til dømes hadde villreinen særsklelege beiteforhold i fjellet vinteren 2020. Dyra nytta då areal dei sjeldan brukar, blant anna i det aktuelle området. Område som dette kan altså vere viktige enkelte vinrar på grunn av klimatiske forhold som is og snødekk i fjellet. Det er «reserveområde». I slike tilfelle er det viktig at villreinen får mest mogleg ro. Dette bør komme til uttrykk i planen.

---

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.  
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)  
E-post: [jarle.lunde@suldal.kommune.no](mailto:jarle.lunde@suldal.kommune.no).  
Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>



Jamfør skissert framdriftsplan ser det ut til at ein legg opp til liten aktivitet/ferdsel i vintersesongen i potensielle beiteområde for villreinen. Med bakgrunn i dette meiner nemnda at omsynet til villreinen i all hovudsak er avklart i planen.

Om det likevel blir registeret villrein i nærliken i periodar med anleggsaktivitet, eller før oppstart av aktivitet og ferdsel, må ein ha ein dialog med villreinforvaltninga om anleggsarbeidet kjem i konflikt med villreinens arealbruk. Ein må då foreta ei vurdering av eventuelle moglege omsyn, til dømes utsetting av arbeidet for ein periode.

For villreinnemnda

Knut Hagen  
leiar

Bjørn Morris Egenes  
lokal representant

Knut Hagen  
leiar

Bjørn Morris Egenes  
lokal representant

**Kopi til:**

Kvinesdal kommune Nesgata 11 4480 KVINESDAL  
Statsforvalteren i Postboks 504 4804 ARENDAL  
Agder